



Vestland
fylkeskommune

SEFF

Rapport

Styrke – Erfaring – Fellesskap –
Framtid

Styrke – Erfaring – Fellesskap – Framtid

Kort presentasjon av prosjektet

Utdanningsdirektoratet lyste ut midlar til «Forsøk med tiltak for ungdom utanfor opplæring og arbeid».

Bakgrunnen for utlysinga var Riksrevisjonen si undersøking, jf. Dokument 3:9 (201512016), som slår fast at det er mangel på systematikk i oppfølginga av unge utanfor opplæring og arbeid. Fylkesdirektøren for opplæring i Sogn og Fjordane søkte og fekk i desember 2018 innvilga midlar i utlysingsrunde 2. I oppstartsåret 2019 vart midlane nytt til planlegging, igangsetting og drift av eit nytt tilbod til ungdom, SEFF, for skuleåret 2019/2020.

SEFF står for Styrke - Erfaring - Fellesskap – Framtid og bygger på samanhengen mellom fysisk og psykisk helse. Opplæringa er ikkje knytt til tradisjonelle undervisningsformer, men til relasjonsretta dannings- og læringsarbeid i verkstadssamanheng. Tilboden er etablert i Flora kommune og har nært samarbeid med Flora vidaregåande skule. Rektor ved skulen har personalansvar for tilsette i SEFF.

Med utgangspunkt i etablerte rutinar for oppfølging av einskilde elevar, er ungdommane identifisert, kartlagt og tekne inn i ordninga fortløpende. SEFF har plass til 15 ungdommar mellom 16 og 24 år.

Formålet med vidaregåande opplæring er å kvalifisere ungdom til fullverdige deltarar i samfunns- og arbeidsliv. Gjennom ei styrkebasert, helsefremjande

og praksisnær opplæring skal ungdommene oppleve trivsel, gode relasjoner og samhandling som gir dei eit godt grunnlag for å kome attende til kompetansegivande opplæring, anten i skule eller bedrift.

Tilbod og evaluering

Rapporten gir ein presentasjon og evaluering av tilboda ungdommen i målgruppa har fått gjennom dette prosjektet.

I løpet av prosjektåret har sju ungdommar fått tilbod i SEFF, rekruttert gjennom OT koordinator i fylkeskommunen eller LOS-funksjonen i Flora kommune. Nokre av ungdommene har vore med gjennom heile året, medan andre har blitt tatt inn underveis i skuleåret.

Ungdommene har ulik bakgrunn før inntak i SEFF. Nokre har vore utanfor opplæring ei tid, medan andre har starta i vidaregåande opplæring og sluttet i løpet av skuleåret. Årsaker er feilval, manglende motivasjon, låge skuleferdigheiter, svake språkferdigheiter, konsekvensar av kriminell åtferd, aktivitetar som endrar døgnrytmen og mangel på sosialt nettverk. Oppgåvene i SEFF har i hovudsak handla om å klargjere og tilbakeføre ungdommen til vidaregåande opplæring.

Klargjere og tilbakeføre

Ungdommen i SEFF har trøng for hjelp til å «rydde opp i» saker som ikkje er skulerelaterte, men er til hinder for læring, til dømes

- økonomiske problem
- negative heimeforhold
- konsekvensar av kriminell aktivitet
- ha kontakt med helsevesenet pga. psykisk sjukdom
- styrke språkferdigheiter hjå minoritetsspråkleg ungdom

Erfaringar frå dette året syner at det har vore vesentleg å rydde opp i desse utfordringane for at ungdommen har kunna teke imot opplæringstilbodet i SEFF.

Prosjektskissa peikar på at ein vesentleg del av karriererettleiinga er samtale med karriererettleiar og/eller prosjektleiar for å bli kjent med eigne styrkar og verdiar. Karrieresamtalane, saman med utprøving av arbeidsoppgåver i dei ulike verkstadane i SEFF, skulle skreddarsy eleven si opplæring. SEFF sine lokale vart ikkje ferdig i tide, og Origod sine verkstader vart derfor nytta til dette føremålet.

Origod er ei kompetansebedrift som tilbyr arbeidsførebuande trening. Gjennom utplassering har to av ungdommene nytta Origod sitt bedriftsnettverk til å prøve ut ulike yrker. Dette har gitt dei mogelegheit til å sjå samanhengen i opplæringsløpet, og kva som vert forventa av dei i yrkeslivet. Samtidig har dei fått prøvd ut om yrket passar for dei og fått ei realitetsorientering om kva jobbmoglegheiter nærområdet har.

Føreblese resultat i første driftsår er at 6 av 7 ungdommar har søkt og fått inntak til vidaregåande opplæring.

Viktige samarbeidspartar:

NAV har vore rådgivande part i høve gjeldsrådgiving og fått til ei langsiktig løysing for ein ungdom. Ein annan som budde i ein heim prega av uro og konflikt, har fått stønad til å bu i eigen bustad.

Oppfølgingstenesta (OT), tilknytt Flora vidaregåande skule, har teke initiativ til at elevar som vurderer å avbryte opplæringa, får ein samtale med tilsette i SEFF. Her får dei informasjon om ordninga og kva mogelegheiter som ligg i ho.

LOS funksjon i Flora kommune har samarbeidd med SEFF om tilbod til minoritetsspråkleg ungdom. Fleire av desse ungdommene har dårlege språk- og leseferdigheiter og treng meir opplæring før dei får eit tilfredsstillande utbytte av vidaregåande opplæring. I

tillegg bidreg LOS funksjonen til at ungdom blir integrert i fritidsaktivitetar.

Helsejukepleiar

Helsejukepleiar ved Flora vidaregåande skule har hatt samtalar og følgt opp dei som har hatt behov for det.

Origod

Personale frå Origod er frikjøpt og tilslutta SEFF for skuleåret. Origod leverer arbeid og inkluderingstenester og har erfaring og kompetanse med å arbeide med utsett ungdom. SEFF har også nytta bedriftsnettverket og lokala til Origod, sjå omtale ovanfor.

Ressurs og struktur

Ordninga har hatt prosjektleiar i 50% stillingsressurs og undervisningspersonale i 150%.

Det var budsjettert med tre årsverk i tillegg til prosjektleiarene. Utfordringar i oppstarten har ført til at 150% ressurs er unyttal. I all hovudsak har utfordringane handla om

- prosjekterte lokale som ikkje vart ferdigstilte i tide
- å etablere og følgje opp samhandlingsarenaer
- gjere SEFF kjent for dei som kan formidle ungdom til ordninga

som har medført til at færre ungdommar har fått tilbod om oppfølging gjennom SEFF.

Lokale

Fylkeskommunen har lokale i nærleiken av Flora vidaregåande skule og er i gang med å bygge om og tilpasse lokala slik at dei blir føremålstenlege for ordninga; fleksible verkstader, teorirom og kjøkken som eit viktig samlingsrom.

Bygge- og eigedomstenesta i Vestland fylkeskommune har stått for planlegging og gjennomføring av ombygging og tilpassing av lokala.

Ressursar til gjennomføring

Omsøkte og tildelte midlar frå utdanningsdirektoratet

2018-2019: 1 400 000 kr.

2019-2020: 2 795 000 kr

Tildeling av midlar frå utdanningsdirektoratet har vore er på totalt 4,195 millionar kroner. SEFF kom inn i andre og siste søknadsrunde. Våren 2019 vart nytta til etablering av tilbod for skuleåret 2019/2020. SEFF har difor vore i drift eitt år med prosjektmidlar.

Dei løvvde midlane frå Udir har gitt grunnlag for å vidareføre tilbodet for inneverande skuleår, 2020/2021.

Rekneskap vår 2020 (1.1.20-31.07.12)	
Lønsutgifter	521 973
refusjon av lønsutgifter undervisning	380 282
Undervisningsmateriell	2 269
Inventar og utstyr	13 381
mva	3 836
mva	-3 836
tilskot frå Udir.	-570 000
restmidlar frå 2019 overført 2020	-3 195 262
førrebels restmidlar 2020	-2 847 357

Midlar frå Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har stått for ombygging og utbetringar av lokala til SEFF. Totalkostnaden for tilrettelegging av lokala er på 1,9 millionar kroner.

